

«Det finst ingen katastrofe»

ANMELDELSE

Av Ivar Teigum

ALF Haugland er jernbanemann og nærmar seg pensjonistalderen. Han er ein av dei som likar å arbeide med språket til dikt. Kritiske og kommenterande tekster som det kan høve seg for ein arbeidskar. Eit reflekterande dikt i samlinga si denne hausten har han kalla «Det er dalen du høyrer til», med denne tittelen vil han ha sagt kvar han kjenner seg heime også i det poetiske landskapet. Skulle vi seia i den litterære husfliden?

Arvid Torgeir Lie held seg i brattara lende i diktsamlinga si. Eg hugsar kor flotte somme av dikta hans var i syttiåra. «Sol og sekunde», «Sju svingar opp» var entusiastiske titlar som sat godt den gongen. I år krinsar altså dikta om namnet Bergsto, ein stad og ein posisjon der alt var oversiktleg, kompromisslaust, storfelt, ein tilstand i minnet som diktaren syng om med klår tone og vakker rytme. Men underleg er det i desse tider å finne reinspikka Stalin-vers: «Du var vår stad/du ga oss vårt fattige håp» og så bortetter.

Ein gamal støver

Da er det annleis med diktet «Travande hund», ei språkleg elegant hylling av ein gamal støvar som med



«Law rotnar, greiner brotnar, frukt blir krasa under fot...»

nasen stikkande mot bakken sporar opp «små og innvikla labyrintar av lyd og luft» og som vengelaus

travar inn i si «alltid overrumpla merksemd». Enda så fin språkleg distanse Arvid Torgeir Lie har i mange dikt, er det synd å seia at bileta i tekstene hans i år overrumplar lesarens merksemd i nemneleg grad.

Ekstreme utgangspunkt

Det gjer dei derimot hos ein annan av dei nynorske diktarane i haust. Eg tenkjer på Rønnaug Kleiva. Og ho kvir seg ikkje for å ta ekstreme utgangspunkt i si undersøkjande verksemd. «Det finst ingen katastrofe» er ein påstand ho kastar fram fleire gonger. Er dette eit uttrykk for kjensleløyse og sjølvtrøyst eller er det eit uttrykk for kor motsetnadsfylte dimensjonar livet sjølv inneheld?

Forgjengeleg

Svaret er å finne i mange skapningar i diktsamlinga hennar som ho har kalla «Balanspunkt». Eit dikt i avdelinga «Forteljingar» ser ut til å handle om haustens overflod. Ein hjort heng ned frå taket, der er rote potetlauv, greinene på plommetrea greier ikkje bera si frukt, av søte eple

er det overflod, kyrne er inne, sauene har gått i gras før snøen kjem. «Det finst ingen katastrofe». Og det er sant dersom ein ikkje reknar sjølv destruksjonskreftene i naturen som ein katastrofe. Hjorten heng vakker, men død; lauv rotnar, greiner brotnar, frukt blir krasa under fot, stemmer ytrar setningar som blir avbrotne alt i eitt. Først og fremst er dette uttrykk for balansen i naturen, men det er for den nøkterne den som ikkje let seg overmanne av sorg over alt forgjengeleg.

«Det kjølige for å overleve, /det kjølige i å overleve» som Rønnaug Kleiva seier ein annan stad i denne utfordrande diktsamlinga.

LYRIKK

Alf Haugland:
Novembersol
Falken Forlag

Arvid Torgeir Lie:
I eit Bergsto-år og andre dikt
Gyldendal

Rønnaug Kleiva:
Balanspunkt
Samlaget